


Sti- og løypeplan



**BYKLE
KOMMUNE**

Møte i referansegruppa 25.11.2025

Agenda

- ❖ Informasjon om planarbeidet
- ❖ Informasjon om innkomne innspel
- ❖ Tiltaksplan for villrein – kva vil det bety for ferdselsårene?
- ❖ Besøksforvaltning – fellesskap mellom bygdefolk og hyttefolk
- ❖ Om vi må prioritere mellom løyper - kva kriterium skal vi nytte?
- ❖ Diskusjon og innspel frå referansegruppa
- ❖ Vegen vidare

Deltakarar i referansegruppa

Organisasjon

Forvaltningssekretariatet SVR

Visit Setesdal

Midt-Agder friluftsråd

Statsforvaltaren i Agder, naturseksjonen

Statsforvaltaren i Agder, planseksjonen

Agder fylkeskommune

Villreinnemnda

Ordførar

Administrasjonen

Administrasjonen

Administrasjonen

Namn

Jørn Trygve Haug

Roy Bakke

Magnus Thomassen

Therese Ramberg Sivertsen

Sigrid Lofthus Drange

Ingvild Paulsen

Jarle Lunde

Hans Blattmann

Signe Sollien Haugå

Sigrid Bjørgum

Sonja Lien Skjevrak

Informasjon om planarbeidet

mål – omsyn – prosess – medverknad





**BÆREKRAFTIG
REISEMÅL**
LOKALT ENGASJEMENT
I ET LANGT PERSPEKTIV



**BYKLE
KOMMUNE**

Bakgrunn for planarbeidet

Planprogram for revisjon av arealdelen til
kommuneplanen,
Bykle kommune 2025-2035



	sjølvforsyning, utmarksbeite	
Friluftsliv	- Status i dag – løypenett sommar og vinter, friluftsområde med høg verdi, ev. konflikhtar med naturverninteresse osv. (Flytting, kanalisering, tilgang, parkering osv.) - Revidere sti- og løypeplanen - Vurdere andre tiltak for å styrke friluftslivet i arealdelen eller i kommunens vidare arbeid. - Folkehelse og fysisk aktivitet, barn, unge, eldre og folk med nedsett funksjonsevne.	- Sti- og løypeplan - Kartbasar - Tiltaksplanar for villrein - Kunnskapsgrunnlag - Innhente informasjon frå innbyggjarar, organisasjonar og liknande. - Samarbeid med destinasjonsselskapet - Sykkeleruter - Nærtur - grøntstruktur i og rundt tettstader.
Vassressursar	- Status i dag - Utfordringar og moglegheiter.	- Kunnskapsgrunnlag - Miljøstatus.no

Nasjonal satsing på friluftslivet sine ferdselsårer



> [Melding til Stortinget 18 \(2015–2016\)](#)

Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet.


Kommunene har en viktig rolle for å planlegge og bidra med **god tilrettelegging for friluftsliv i sin kommune**. Miljødirektoratet ønsker at kommunene lager planer for friluftslivets ferdselsårer som identifiserer, ivaretar og utvikler friluftslivets ferdselsårer som sørger for **gode tilbud til befolkningen med tanke på folkehelse, livskvalitet, bolyst og reiseliv.**

Planen skal gi en oversikt over:


- nå-situasjonen
- kommunens mål for friluftslivets ferdselsårer
- beskrive tiltak for å ivareta og utvikle ferdselsårene

Omsyn til etablerte ferdselsårer

Dagens turruter og skiløyper




DNT sitt løypenett




Omsyn i villreinen


Heiplanen (Regional plan)



Nasjonalt villreinområde (Miljødirektoratet)




Forslag til tiltaksplan for villrein (Klima- og miljødepartementet)




Omsyn til natur og kultur

- Bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø
 - Tveiten, Stavenes, Bjåen, Breive, Berdalen, Mosdølsfjellet, Trydalstjønne osv.
- Landskapsvernområde
 - Setesdal vesthei – Ryfylkeheiane, Hovden
- Biotopvernområde
 - Hisdal - Steinbuskardet
- Naturreservat
 - Vidmyr, Lislevatn, Hisdal




Omsyn til jakt

Villreinjakt (valdkart)




Elgjakt (valdkart)




Omsyn til anna bruk

Beiteområde for sau



Bykle statsallmenning – båt og hytteutleige



Fokusområde i planarbeidet



Stiar og løyper




Sårbar natur



Landbruk



Tilrettelegging



Besøksforvaltning



Styrke opplevingsverdien

Medverknad

- Dialogmøte med grunneigarar, beitelag, jaktlag (tre møte – Bykle, Midtregionen, Hovden)
 - Gjennomført i oktober
- Møte med prosjektgruppa
 - samansett av representantar frå kommunale råd og utval, idrettslaga, grunneigarar/rettshavarar, næringslag, Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring, hyttevelforeiningar.
- Møte med referansegruppa
 - samansett av Agder fylkeskommune, Forvaltningssekretariatet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Statsforvaltaren i Agder, Visit Setesdal, (Otra kraft), Midt-Agder friluftsråd og Villreinnemnda.
- Invitasjon til å kome med innspel via digitalt skjema eller skriftleg
 - Informasjon på [heimesida](#) inkl. innspelsskjema
 - Frist: 1. desember
- Direkte kontakt med aktuelle aktørar etter behov

Tidslinje

September–November 2025

- Informere breitt og målretta
- Medverknadsfase og innspel
- Samanstille og kartlegge status – kunnskapsinnhenting

Desember 2025

- Analysere og vurdere innspel og ønske opp mot andre tema og omsyn

Januar–Februar 2026

- Utarbeiding av planforslag

Mars–April 2026

- Offentleg ettersyn og høyring
- Justering av planforslag

Mai–Juni 2026

- Politisk behandling og vedtak

Innkomne innspel

2022-2025

- Rundløyper/nærmiljøløyper Hovden
- Skibruer på Hovden og i Midtregionen
- Unngå kryssing av veger – trafikktryggleik og mindre bilkøyring
- Grunnpreparering – blaute område, jamnare underlag
- Tilkopling til eksisterande løypenett frå hytteområde
- Opparbeiding eller utviding av parkeringsplassar
- Kombinerte løyper (ski/sykkel/fottur)
- mm.

Eksempel på innspel via skjema

Innspel til sti- og løypeplan	
Innspelar	
Namn	Joakim Skog
Epost	skogfjellservice@gmail.com
Representerer du eit lag, organisasjon eller foreining?	☒ Nei
Innspelet	
Kor ligg det innspelet gjeld? Ein kort stadbeskriving, adresse eller gnr/bnr.	Byrtemannsbekken sti.
Last opp dokument(er)	
Kva type ferdselsåre gjeld det	☒ Eksisterande sti/løype ☒ Ny sti/løype
Status og behov	☒ Treng vedlikehald ☒ Manglar merking/skilting ☒ Manglar universell utforming
Beskriv behovet, utfordringa og eventuelle forslag til tiltak	Stien/stiene opp til juvet krever vedlikehold. Å gå/løpe langs Byrtemannsbekken opp til juvet, er etter min mening noe med det fineste vi har lokalt som en enkel og tilgjengelig sti, som passer for alle. Ettersom stiene er dårlig merket, og utsatt for stor trafikk, har det blitt flere og flere stier, paller har blitt lagt ut i våte partier som en quickfix, disse begynner å råtne nå. Stiene er generelt dårlig merket, vedlikeholdt og utformet. Foreslår at det lages en god sti, der alle vil forholde seg til en sti, å unngå å skade mere natur for å unngå våte partier.
Kva er viktigaste fokus for dette området/tiltaket?	☒ Friluftsliv ☒ Folkehelse ☒ Trening ☒ Naturoppleving ☒ Tilrettelegging
Kvifor er dette tiltaket/området viktig? Kva representerer området for deg?	Mulig den fineste stien som passer alle lokalt på Hovden.
Har du andre kommentarar på løypenettet i ditt område eller i kommunen?	
Last opp dokument(er)	
Samtykke	☒ Eg forstår at innspelet er offentleg, og samtykker til at kommunen kan bruke det i planarbeidet

Innkomne innspel

Grunneigar/rettshavar-møte

- I stor grad positive til dagens sti- og løypenett
- Ikkje ønskje om fleire trasear
- Turar i nærmiljøet
- Positive til tilgang til anleggsvegar for innbyggjarar
- Betre tilrettelegging for parkering
- Ta større omsyn til naturverdiane, lokalbefolkninga og villreinen
- Betre utnytting av rørte område i staden for å tiltak i urørte område

Innkomne innspel

Prosjektgruppa

- Størst fokus på å behalde det vi har i dag og å behalde dei mest populære løypene
- Ulike prinsipp i dei tre regionane sidan dei har ulik grad av hytteutbygging og bruk
 - Hovden – fokus på gjester og løyper på fjellet
 - Bykle – fokus på fastbuande og løyper i låglandet
 - Midt – fokus på både gjester og fastbuande
- Samanbinding, preparering av løyper og tilrettelegging av nærturar er viktig i alle regionane
 - Hovden – samanbinding for å unngå biltrafikk og auke trafikktryggleiken
 - Bykle – Nærturar og samanbinding
- Viktigare å forbetre eksisterande trasear enn å etablere nye
- Lokal aktivitet er viktigare enn DNT-løyper
- Tenkje heilårsløyper (sykkel, fottur, ski)
- Fjerne ikkje realiserte trasear i gjeldande plan
- Prioritere nærturar for alle på sommaren, og tilrettelegging for alle uansett funksjonsevne på vinteren
- Prioritere arrangementsløyper
 - Viktig for identiteten å ha gode løyper/turrenn-løyper
- Viktig å gjere tiltak som har reell positiv verknad på villreinen (kost-nytte)
- Ikkje nedprioritere omsynet til folkehelse
- Kanalisering – sherpastien fungerer veldig godt
 - Mindre tilrettelegging gir auka slitasje på naturen ved at ferdseilen blir meir spreidd

Organisasjon
Ordførar
Planutvalet
Levekårsutvalet
Råd for personar med nedsett funksjonsevne
Eldrerådet
Ungdomsrådet
Bykle Idrettslag
Hovden Sportsklubb
Grunneigarrepresentant frå Bykleregionen
Grunneigarrepresentant frå Midtregionen
Grunneigarrepresentant frå Hovdenregionen
Bykle Næringslag
Hovden Næringslag
Destinasjon Hovden
Hovden løypekøying
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane

Spørsmål til prosjektgruppa:

Kva for område er viktigast å bevare?




- Jaktområde
- Det som er tilgjengeleg for fastbuande
- Høgfjellet
- Galten, Kalsfjell, Galtefloti - områda er mykje brukt og populære, tilgjengeleg og vakkert
- Bjåen og Breive – eigenart til Hovden, har landbruksstruktur, ikkje kanalisert turområde, fine kulturlandskap og skal vere det framleis
- Hoslemo – lite prega av turisme - behalde det slik, bevare landbruksstrukturen, ikkje kanalisere inn i heia på sommaren
- Hovden Tour (slik den var lagt om i fjor) – fint område
- Viktig for turistnæringa at området er attraktivt
- Auversvatn er det finaste området
- Hovden – viktig med tilrettelegging på Hegni både sommar og vinter med tanke på tilgjengelegheit for alle
- Børtemannsbekken om sommaren, Auversvatn om vinteren
- Snø i alpinbakken
- Viktig med løyper og alpinbakken – ungdommar går gjerne ikkje dei lengste løypene, tenke nærløyper, møteplassar

Tiltaksplan for villrein

– kva vil det bety for ferdselsårene?



TILTAKSPLAN FOR VILLREIN



Teiknforklaring

Heiplanen

- Omsynssone Nasjonalt villreinområde
- Omsynssone villrein
- Omsynssone bygdeutvikling
- Omsynssone trekkområde
- Eksisterende villreinområde

Villreinområde

- Villrein trekkområde
- Villrein trekkområde
- Villrein leveområde

Tiltaksplan for villreinområde

- Fokusområde (tiltak 74)
- 1 Tiltak (sjå nummer i tiltaksplanen)

Hovudpunkt i høyringsuttalen


- ❖ Bykle kommune er og vil vere ein viktig villreinkommune i åra som kjem.
- ❖ Støttar målsettinga om å sikre og bidra til å betre tilstanden for villreinen.
- ❖ Hovudfokus må vere på avbøtande tiltak knytt til dei store infrastrukturbarrierane som avskjer naturlege samanhengande leveområde. Særleg bør staten ta grep for å gjere villreinfjellet større att, til dømes ved å legge riksveg 9 nord om Hovden i kulvert/tunell for å re-etablere trekk mellom Setesdal aust- og vesthei.
- ❖ Kommunen etterlyser konsekvensvurderingar av tiltaksplanen opp mot nasjonale forventingar om berekraftige og levande lokalsamfunn, inkludert samla og langsiktige verknader for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Ein etterlyser konsekvensvurderingar knytt til enkelt-tiltaka og sumverknadar av dei samla tiltaka ein ser føre seg gjennomført i kommunen i høve samfunnsutviklinga lokalt.
- ❖ Tiltak må byggje på kunnskap og utformast i dialog med grunneigarar, rettshavarar, brukarar og kommunen. Summen av verknadane må vurderast, og tiltaka må fordelast forholdsmessig mellom brukarinteressene. Ein meiner og at ein bør prioritere store og viktige tiltak med pårekneleg stor effekt/ nytte for villreinen.
- ❖ Oppmodar difor på generelt grunnlag at statlege organ bør samordne aktivitet og verkemiddel i villreinfjella før kommunane blir pålagde mindre effektive tiltak.
- ❖ Peikar på at ein er uroleg for at iverksetting av mange og ulike tiltak samtidig, og det kan gjere det vanskeleg å måle effekten av kvart tiltak.
- ❖ Ber og om at ordninga med samjakt blir vurdert i høve måla for stamme- og leveområdeforvalting.

Uklåre grenser – rev. regional plan

- ❖ Bykle kommune opplev at regionale og statlege styresmakter nyttar ulik leveområdeavgrensing i sin motsegnpraksis.
- ❖ Kommunen vurderer at det er viktig med klargjering av geografisk avgrensing knytt til dei føreslegne tiltaka, då det og har innverknad på kva for offentleg myndigheit som har rolle/ansvar og motsegnkompetanse i høve kommunal arealplanlegging, t.d. om det er i område utpeikt som bygdeutviklingssone eller leveområde for villrein.



Figur 3 Utsnitt frå heieplan. Trekkveg nord for Vatnedalsvatn



Figur 4 Utsnitt frå Naturbasen. Trekkveg nord for Vatnedalsvatn






Figur 5 Utsnitt frå Regionalplan. Trekkveg nord for Vatnedalsvatn

T 2/16 Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet /planvask og sterkare omsyn til villrein

Framtidig arealforvaltning / kanalisering av ferdsel.

Nye reguleringsplan-forslag sin potensielle influens med ferdsle inn i villreinområde blir lagt til grunn for motsegner allereie i dag- og det er vanskeleg å sjå kva område/tiltak i vår kommune som i framtida ikkje vil bli møtt med motsegn basert på dette rundskrivet/tiltaket.





... Tiltak må byggje på kunnskap og utformast i dialog med grunneigarar, rettshavarar, brukarar og kommunen.

Summen av verknadane må vurderast, og tiltaka må fordelast forholdsmessig mellom brukarinteressene.

Ein meiner og at ein bør prioritere store og viktige tiltak med pårekneleg stor effekt/ nytte for villreinen.

Tiltakspakke 9: Hovden-området

65. Utsette maskinpreparering av løyper i Hovdenområdet. Gjeld Hovden Sloaros og Hovden Auversvatn og rundt nørðre Auvervasseggi

Hovden er ein vinterdestinasjon og det er stort press på å få oppkøyrde løyper så tidleg i sesongen som mogleg. Villreinen trekker nordover til Hovden Aust og vinterbeite der frå om lag september til april. På Hovden Vest kan det kome dyr frå nord og vest til dei gamle kalvingsområda på Nos og Enden på vårvinteren. Løypa vert no preparert i vinterferien og i påska.

Løypa til Auversvatn og rundt nørðre Auvervasseggi er ei svært populær høgfjellsløype. Det er rundt Auvervasseggi som vil vere det mest sårbare med omsyn til vinterbeite. Bykle kommune har som mål at denne løypa kan køyrast heile vinteren. Dersom det vert restriksjonar må heile løypa kunne køyrast opp i vinterferien, påska og resten av sesongen. Sekundært må det liggje føre ei godkjent alternativ attraktiv høgfjellsløype. Som eit minimum må løypa opp til «snarvegen» vere oppkøyrd heile sesongen. Det er og viktig å kunne gjennomføre turrenn som Hovden Tour med føreseieleg løypetrase og løypealternativ framover.

Det vil vere risiko for at mangel på oppkøyrde høgfjellsløyper fører til at folk går på fjellski utan kanalisering/ preparerte spor og såleis urar dyra meir og over større område.

Sett frå kommunen vil aksept for regulering av nye nærturløyper og rundløyper i nærleiken av og mellom hytteområda i Hovden (til dømes Vidmyr) og midtregionen vere eit positivt grep som uversløyper og alternative løyper dersom ein må utsette preparering av nemnde høgfjellsløyper. Det er trass alt 3000 hytter og om lag 20000 besøkande i helg og høgsesong vinterstid her – og behov for tilrettelagte løyper både i og kring Hovden og i midt-regionen. Ein meiner vidare at rundløype rundt Hartevatn er av interesse som turveg/ skiløype og heilårsbruk.


21. Kanalisering av ferdsel gjennom sti- og løypeplanar i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde.

Bykle kommune var tidleg ute med sti og løypeplan som del av kommuneplanen sin arealdel, og er no i prosess for å revidere denne.

Prosjekt med sti, dagsturhytte og villreininformasjon er eit viktig prosjekt for å kanalisere ferdsel bort frå sårbare område og tider av året. Vi treng fleire alternative løyper, også om vinteren, slik at vi kan redusere påkjenninga på villrein ved å raskt endre trasear. Området Vidmyr og nord-vestover kan vere ei slik løype. Grunneigarar og andre må bli med og bli involvert i prosessen.

Turistforeiningsløyper i aust- og vesteheia må vurderast i ein heilskapleg plan, og i sær vinterløyper som blir stikka langt inn i leveområda.

Låglandsløyper i og rundt hytteområda i midtregionen som alternativ til uver og nedstenging av høgfjellsløypene vil også kunne tilrettelegge for mindre ferdsle i sårbare område og tider.



Figur 7 Oversiktsbilde. Fokusområde der det blir foreslått at ikkje realiserte planar tas ut (lilla skravur)

Besøksforvaltning

- fellesskap mellom bygdefolk og hyttefolk
- omforeint besøksleiing mellom forvaltingsnivå og ulike aktørar



Besøksforvaltning

Tre ulike perspektiv.

- ✓ Naturforvaltningsperspektivet, som tek utgangspunkt i forvaltning av verneområde etc.,
- ✓ Destinasjonsutviklingsperspektivet, som tek utgangspunkt i å utvikle destinasjonen, som oftast med reiselivsnæringa i førarsetet
- ✓ Samfunnsutviklings-perspektivet, som tek utgangspunktet i staden, kor kommunen oftast sit i førarsetet.

Det vil alltid være ein viss overlapp, synergjar, samhandling , men også motsetnader, mellom desse perspektiva.



Samfunnsflokar i praksisfeltet!

Destinasjonsutvikling og besøksforvaltning i område med sprikande / ikkje samordna besøksforvaltningspraksis, og mange aktørar med ulike roller og forvaltingsansvar

Ulike tilnærmingar:

- ❖ Kommunikativ (formalistisk) - Lage ein sti- og løypeplan – kart og føresegner.
- ❖ Aganostiske /adaptiv– Anerkjenne motsetningar og utvikle premissar/kriteria og spelereglar for kvar ein kan tillate løyper og meir dynamisk tilrettelegging (sårbare tider/område) Optimalisere handlingskoordineringa på sikt. Fordrar at ein ikkje møter med "bundne mandat"

Det overordna og langsiktige målet.....


Kommunen opplev at det særleg er målkonfliktar som er vanskelege å løyse utan betre samordning og semje om langsiktige mål/ retningar for t.d. tilrettelegging og kanalisering av ferdsle/ tilrettelegging for friluftsliv og løyper, og i sær i vintersesongen.

Destinasjonsutvikling og besøksforvaltning i område med sprikande / ikkje samordna besøksforvaltningspraksis, og mange aktørar med ulike roller og forvaltingsansvar er krevjande for alle.


Korleis kan vi ev legge ein prosess for utvikling av spelereglar for betre samordna besøksforvaltning /løypeforvaltning med mange aktørar framover?

Korleis kan ein organisere prosess for meir koordinert besøksleiing i Bykle?

Hovden Tour




Høgfjellsløypa - Auversvatn



SoMe - Kaldseggi



Hovden Ultra - barmarksarrangement





Dagsturhytter og nærtur





Nærtur – låglandsløyper Vidmyr



STÅSTADEN OG HANDLINGSROMMET ER ULIKT

Utgangspunktet ein fragmentert forvalting med mange aktørar forankra i ulikt sektorlovverk og ansvarsforhold, kompleksitet, og trong for betre samordning /koordinering, og å finne balansen....

- Moglegheiter og avgrensingar for å oppnå heilskapleg besøksstrategi gjennom samarbeid og partnerskap og samhandling?
- Korleis handtere langsiktige liner for besøksforvaltinga v.s. kortsiktige /avgrensa reguleringar ?
- Korleis etablere tillitsfull dialog og samarbeid mellom autoritetsnivå/forvaltingsaktørarar med fag og regelverk med andre aktørarar med lokal kompetanse/omsyn (grunneigarar, reiselivet, hyttefolk og bygdefolk) ?
- Alternativt : aksept for ueiningheit / moteseningar – fokusere på "spelereglar" for å utvikle modell for løypeforvatling/ besøksleiing ?

Om vi må prioritere mellom løyper
- kva kriterium skal vi nytte?



Balansere bruk og vern

- friluftsliv og turisme vs. natur og økosystem

Kostnad vs. nytte

- økonomiske og sosiale gevinstar
- utbygging og vedlikehald

Lokal identitet vs. kommersiell utvikling


- balanse mellom lokal kultur og kommersielle interesser
- gjestar vs. fastbuande

Utvikling av løypenettet

- høgfjellet vs. låglandet
- fordeling vs. satsingsområde
- preparering vs. stikking

Arrangement og høgsesong

- dynamisk planlegging og drift
(adaptiv løyeforvaltning)



Innspel og diskusjon



Fokusområde i planarbeidet

- Eksisterande, planlagde og nye stiar og løyper for fottur, ski og sykkel.
- Sikre god tilkomst, skape samanheng i sti- og løypenettet og styrke opplevingsverdien.
- Tilretteleggingstiltak som skilt, informasjonstavler, bruer/klopper og parkering.
- Vurdering av konfliktområde og sårbar natur.
- Samspel med annan arealbruk, som hyttebygging, landbruk, reiseliv og besøksforvaltning.

Vegen vidare

- nytt møte (regionalt planforum)?



Møteplan

Dato	Tid	Stad	Deltakarar	Tema
29.09.2025	18-20	Bykle hotell	Grunneigarar, beitelag, jaktlag i Bykle	Innspel
01.10.2025	18-20	Bykle hotell	Grunneigarar, beitelag, jaktlag i Midtregionen	Innspel
15.10.2025	18-20	Hovden fjellstoge	Grunneigarar, beitelag, jaktlag på Hovden	Innspel
27.10.2025	12-15	Bykle hotell	Prosjektgruppa	Innspel
25.11.2025	9-12	Teams	Referansegruppa	Innspel og overordna omsyn
10.12.2025	12-15	Bykle/Teams	Prosjektgruppa	Vurdering av innspel
25.02.2026	12-15	Bykle/Teams	Prosjektgruppa	Presentasjon av planforslag